



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1286 - 17/16209

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
15.08.2017

Godkjenning - tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg GBNR 52/1

Administrativt vedtak. Saknr: 225/2017

Tiltkshavar: Magnhild og Roar Tofting
Ansvarleg søkjar: Fløysand VA as
Søknadstype: Søknad om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg

Saksutgreiing:

Fløysand VA as har, på vegne av Magnhild og Roar Tofting, søkt om tilkopling til kommunalt avlaupsanlegg for våningshus på gbnr 52/1 på Kårbø, i søknad journalført motteke 14.07.2017 og situasjonskart journalført motteke 12.06.2017.

Eigedomen skal koplast til det kommunale avlaupsanlegget i kum, slik motteke situasjonskart syner.

Eigedomen har i dag privat avlaupsløysing med slamavskiljar. Eigedomen er tilknytt kommunalt vassverk.

Vurdering:

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt att med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Administrasjonen har elles ingen merknader til at eigedomen vert tilknytt det kommunale avlaupsanlegget.

Ansvarsrett:

Føretaket Fløysand VA as, orgnr 987 774 525, har erklært ansvarsrett i saka.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at våningshus på eigedomen gbnr 52/1 vert tilknytt kommunalt avlaupsanlegg i samsvar med søknad journalført motteke 14.07.2017 og situasjonskart journalført motteke 12.06.2017 på følgjande vilkår:

Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget. Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.

Dersom De ønskjer å leige målar må det gjevast melding til kommunen.

Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret og for avlaup kr 20 000,- pluss mva per bueining.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Føretaket Fløysand VA as har erklært ansvarsrett.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og Plan- og bygningslova.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Kopi til:

Roar Tofting	Langheiane 79	5914	ISDALSTØ
--------------	---------------	------	----------

Mottakere:

Fløysand Va AS	Fløksand	5918	FREKHAUG
Magnhild Schrøen Tofting	Langheiane 79	5914	ISDALSTØ